

# **Soknerådsmøte i Moster kyrkje tysdag 14.06. 2022**

Desse var til stades: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Per Harald Gjerde, Marta Fauskanger Ekberg, Elin Taranger, og Aksel Lygre. Camilla Rubach og Heidi Torkelsen Fagervik var ikkje til stades. Gerda Bondø møtte for Camilla Rubach

## **Sak 44 – 2022 Godkjenning av møtebok frå 03.05.22 og innkalling.**

Møtebok og innkalling godkjend, med merknad til sak 41.

## **Sak 45 – 2022 Oppfylging av tidlegare saker.**

\*Temakveldar – blir fylgt opp i august. Temakveldane er på plass, men det blir litt utgifter til føredragshaldar.

## **\*Skap til teknisk utstyr bak i kyrkja.**

Kor står saka no? Rune har fått eit utkast frå Ola Jan som samsvarer med ynskje til soknerådet. Saka vert utsett til august.

## **\*Kurs for nye medarbeidarar på lyd og bilete. Rekruttering av nye medarbeidarar.**

Sjå sak 16 og 17 i februar-møte. Kvar står sakene? Saka vert ført vidare i august.

## **\*Søknad om støtte til 150-årsjubileet frå SR-bank:**

Kvar står saka? Lars Espeland og Frode Sæverud ser på alternative miksepultar og kostnad.

**\*Konfirmasjon:** Kort evaluering. Fått gode tilbakemeldingar. Fine og passande musikalske innslag. Det er viktig at ungdommeleg musikkuttrykk vert brukt i konfirmasjonsgudstenesta.

## **\*Amfigudstenesta den 17.mai og 5. juni. Kort evaluering.**

Viktig at kyrkjevertane har auga for å fordele/sluse nattverdsgjestene til dei ulike stasjonane. Fine gudstenester. Ca. 49000 kr. kom inn til «Gentle hands» på 17-maigudstenesta.

## **\*Temakveld som konsept – saka vert vidareført i haust**

## **Sak 46 – 2022 Trykking av jubileumsbok. Kva trykkeri skal me nytta?**

Me viser til vedlagte materiell frå Randi Olsen, og føreset at dette er lest til møtet.

**Vedtak:** Soknerådet går inn for at Forlaget Bokmaker AS får oppdraget med å produsere bøkene, og ynskjer at Libris Bømlø bokhandel kjøper opp eit avtalt antal av bøkene. Økonominemnda føl opp saka.

## **Sak 47 – 2022 Rekneskap kvartal 1, 2022.**

Kort gjennomgang.

Vedtak: Rekneskap kvartal 1 vert teken til vitande.

## **Sak 48 – Sommarfullmakter til AU i hastevedtak.**

Vedtak: Soknerådet gjev AU fullmakt til hastevedtak gjennom sommaren.

## **Sak 49 – 2022 Referat og meldingar**

Orgelkomiteen.

Trusopplæringsutvalet

Jubileumsbok-komiteen

Estlandskomiteen

Frå fellestrådet og administrasjon: Ny organisering på kyrkjekontoret, der kyrkjevevja har delvis heimelkontor.

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre

**Sak 50 – 2022 Ymse**

Per Harald Gjerde

Skrivar